



Imponert over rause gjevarar i Uskedalen: Tormod Myklebust og THK-leiar Vidar Akselsen i semitrailaren fylt med 400 sekkar med klede berre frå vår bygd. Laurdag kjem ukrainarane for å takka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ei gruppe på 9 frå bibelskulen i Korosten i Vest-Ukraina kjem til Uskedalen laurdag. Dei er pinsevennar og skal presentera seg på bedehuset både gjennom andakt, musikk, song og drama,fortel Tormod Myklebust.

Utan han hadde ikkje vitjinga i vår bygd kome i stand. Bibelskulen plar ha ein turne i vårt land årleg, men her har dei ikkje vore før.



Dette er gruppa frå Korosten som kjem til Uskedalen laurdag. (Foto: THK)

Uskedelingen har engasjert seg sterkt i det store hjelpearbeid som den tverrkyrkjelege stiftinga TKH-Stiftelsen på Karmøy driv i det fattige kjempelandet. 9. april set han seg bak rattet i ein semitrailar for å køyra til Ukraina for fjerde gongen.



Morgonstemning på torget i Korosten. (Foto: Tormod Myklebust)

Grappa som kjem består av 2 lærarar, 6 studentar som skal bli pastorar og menighetsarbeidarar og Sergeiy Kowalchuk. Han er norsktalande, lønna av THK og ein krumtapp i hjelpearbeidet i Korosten-området. Også THK-leiar Vegard Stordahl er med til Uskedalen.

Grappa har vore innom fleire plassar i Vestfold og Rogaland før dei kjem hit og dei skal vidare til Bergensområdet og Nordhordland. Med slike turnear ynskjer bibelskulen å takka for støtta frå vårt land og leggja grunnlaget for meir hjelp. Det er mykje som tyder på at også den humanitære situasjonen i Ukraina framleis må karakteriserast som prekær. I tillegg kjem så det politiske kaos.

- Eg vonar at uskedelingane vil møta fram i bedehuset laurdag. Eg lovar dei som kjem ei sterk oppleving av ein annan og fengslende kultur, seier Tormod til Uskedalen.no.

Han opplevde ei tilsvarende vitjing på Stord i fjor og vart imponert over både song, spel og tale.

Det var i fjor to innsamlingsrundar i Kvinnherad til Ukraina og med Tormod som krumtapp. Ikkje minst i Uskedalen var resultatet imponerende - det kom tilsaman inn nesten 700 sekkar med klede.

Av Ola Matti Mathisen